

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 02.02.2007
Sakhandsamar: Hans K. Stenby
Saka gjeld: **Oppdragsdokument 2007 Helse Vest RHF**

Arkivsak

2007/12/153

Styresak 008/07 B

Styremøte 14.02. 2007

Bakgrunn:

Helse- og omsorgsdokumentet stiller kvart år gjennom eit eige dokument krav til bruk av dei midlane som Stortinget løyver til dei regionale helseføretaka. Dokumentet er i år kalla eit oppdragsdokument.

Oppdragsdokumentet til Helse Vest RHF for 2007 blir her lagt fram for styret.

Kommentarar:

Oppdragsdokumentet kommer i tillegg til dei mål og rammer som gis for verksemda gjennom lover, forskrifter og myndigheitsavgjerder.

Nasjonal helseplan vil mellom anna vere ei viktig referanseramme for verksemda i 2007.

Det blir lagt opp til ei sterkare eigarstyring og oppfølging mellom dei regionale helseføretaka og helseføretaka.

I oppdragsdokumentet for 2007 legger departementet til grunn ein meir systematisk bruk av nøkkeltal og indikatorar. Nøkkeltala og indikatorane skal nyttast til å måla i kva grad tenestene er i samsvar med måla for helsepolitikken. For nokon indikatorar er det sett bestemte styringskrav mens andre gir grunnlag for å følgja utviklinga.

Oppdragsdokumentet inneheld elles ei rekke styringskrav som Helse Vest RHF må følgje opp i styringa av helseføretaka.

Forslag til vedtak:

Styret tek Oppdragsdokumentet 2007 Helse Vest RHF til etterretning.